



Knut Aase
Orrev. 14
5101 EIDSVÅGNESET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4010 - 14/19611

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
11.12.2014

Merknad til søknad om løyve til byggjetiltak på gbnr. 26/1 i Meland kommune

Det vert vist til søknad journalført 1.12.2014 om løyve til oppføring av terrasse tilknytt eksisterande bustad på gbnr. 26/1 i Meland kommune, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) §§ 20-1 og 20-2 bokstav a. Vidare vert det vist til brev frå Statens vegvesen til Dykk dagsett høvesvis 16.10. og 5.12.2014.

Før kommuneadministrasjonen kan behandle ein søknad om byggjeløyve må søknaden innehalde alle dei opplysningar og all dokumentasjonen som er naudsynt for at administrasjonen skal kunne godkjenne tiltaket, jf. pbl. § 21-2 og Saksbehandlingsforskriften (SAK10) § 5-4 («fullstendig søknad»). I høve til føreliggjande søknad vært det særleg vist til SAK 5-4 tredje ledd, bokstav e og k:

«Opplysninger som er relevante ved søknad er (...)

e) forhold til plangrunnlaget (...)

k) eventuelt behov og grunnlag for dispensasjon.»

Den omsøkte egedomen er omfatta av to ulike reguleringsplanar; *Reguleringsplan for Litlebergen* (arealplanID 125620060004) og *Reguleringsplan Fv245 frå Hatleberget til Skarpeneset* (arealplanID 125620070004). Båe planar inneheld byggjegrenser mot fylkesveg, sjå kartutsnitt m/ markering:



Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Det følger dertil av pbl. § 12-4 første ledd at vedtekne reguleringsplanar er «*bindende for nye tiltak eller utvidelse av eksisterende tiltak*».

Kommuneplanen er på denne bakgrunn samd med Statens vegvesen i at det omsøkte tiltaket er i strid med gjeldande plangrunnlag og difor avhengig av at det vert gitt dispensasjon frå vedtekne byggjegranser mot fylkesveg. Statens vegvesen har i den samanheng rådd ifrå at det vert gitt slik dispensasjon, idet vegvesenet gjer gjeldande at den omsøkte terrassen vil kunne kome i konflikt med regulert veggrøft langs fylkesveg.

Pbl. § 19-2 inneheld både heimelen og vilkåra for å gi dispensasjon frå m.a. reguleringsplanar.

Føreliggjande søknad om byggjeløyve vert på denne bakgrunn vurdert som mangelfull, jf. SAK10 § 5-4, bokstav e og k. Søknaden vert difor lagt i ventearkiv i påvente av at naudsynt dokumentasjon eventuelt vert innsendt (søknad om dispensasjon). På bakgrunn av uttalen frå vegvesenet finn administrasjonen likevel grunn til å vise særskilt til pbl. § 19-2 fjerde ledd:

«Kommunen bør heller ikke dispensere fra planer (...) når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.»

Når søknaden eventuelt er komplett vil saka bli tatt opp til endeleg handsaming. Kommunen held seg likevel rett til å be om ytterlegare dokumentasjon dersom administrasjonen finn dette naudsynt ved ein nærmare gjennomgang av dispensasjons- eller byggjesøknaden.

Gebyr for kommunen si førebelse handsaming av søknaden vert ettersendt, jf. høvesvis Plan- og bygningsloven § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningstjeneste («*Gebyrregulativ for Meland kommune*») § 10.2.10 («*Mangelfull sak m/ melding til søkjar*»).

Ettersom gebyret er fastsett ved forskrift kan det ikkje klagast over at det vert kravd gebyr eller over storleiken på gebyret, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan likevel klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med venleg helsing

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Statens vegvesen

Region vest

5918

FREKHAUG

